

Årsmelding 2003



Kåre Rommetveit, universitetsdirektør

År med store endringar

Med kvalitetsreforma har UiB gjennomført ei fullstendig omlegging av studiesystemet, og det har vore ein vellukka prosess.

[les meir](#)



Kirsti Koch Christensen,
rektor

Innhald

UiB 2003

[Omfattande fornying av studietilbodet](#)
[Bedra vilkår for innovasjon](#)
[Godt år for forskarutdanninga](#)
[Vatn og kulturarv i utviklingsforskning](#)
[Premie for likestilling](#)
[UNIFOB AS: Styrkar eksternfinansiert forskning](#)
[Auke i bruken av Universitetsbiblioteket](#)
[Iverksetting av universitetets IKT-strategi](#)
[Fusjon for formidling](#)
[Tal for 2003](#)

Fakulteta

[Det historisk-filosofiske fakultet](#)
[Det juridiske fakultet](#)
[Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet](#)
[Det medisinske fakultet](#)
[Det odontologiske fakultet](#)
[Det psykologiske fakultet](#)
[Det samfunnsvitenskapelige fakultet](#)
[Bergen Museum](#)





Kåre Rommetveit, universitetsdirektør

År med store endringar



**Kirsti Koch
Christensen, rektor**

Med kvalitetsreforma har UiB gjennomført ei fullstendig omlegging av studiesystemet, og det har vore ein vellukka prosess. Med det nye systemet har vi gode høve til å følgje opp kvar enkelt student tettare enn før, og med systematisk kvalitetssikring har vi tru på at det skal bli endå meir attraktivt å studere ved Universitetet i Bergen.

Også på forskningssida var 2003 eit svært spennande år, blant anna med etableringa av dei tre sentra for framifrå forskning innan petroleum, klima, og middelalder. Det nye forskingsfartøyet G.O. Sars og opninga av Bygg for biologiske basalfag har gjeve forskinga ved UiB eit stort løft. Vi har også i året som gjekk satsa på å styrka innovasjon og oppdragsforskning ved universitetet. Opprettinga av Unifob AS der UiB og Stiftelsen Unifob la inn kapital, gjer universitetet sterkare i konkurransen om eksterne midlar.

Regjeringa peika i 2003 ut UiB som sekretariat og vertskap for ein stor, internasjonal forskingspris, Holbergprisen. Kvant år skal prisen premiere framifrå vitskapleg arbeid innan samfunnsfag, humaniora, juss eller teologi. Planleggingsarbeidet er godt i gang, og vi ser fram til den første tildelinga i 2004.

Debatten om Ryssdaluvalet si innstilling "Ny lov om universiteter og høyskoler" gjekk høgt i haust. Det var ein verdifull debatt om kva rolle universiteta har, og kva dei skal vere i framtida.



Utdanning: omfattande fornying av studietilbodet



Talet på ekspedisjonar ved den sentrale studentsørvistenesta har auka vesentleg, frå ca. 45000 i 2001 og ca. 61000 i 2002, til ca. 67000 i 2003. Førstelinjetenesta er difor opprusta, og det er innført ei sentral rettleiingsteneste med tverrfagleg/tverrfakultær kompetanse for alle studentar.

Med kvalitetsreforma har UiB gjennomført ei fullstendig omlegging av studiesystemet.

Det er utarbeidd planar for integrerte femårige lærarutdanningar som fører fram til mastergrad i naturvitskap, engelsk, tysk, fransk eller nordisk. Første studentopptak blir hausten 2004. Omlegginga inneber at fagmiljøa blir direkte involverte i lærarutdanninga ved institusjonen.

I tillegg er det utvikla fire nye treårige bachelorprogram i europastudium, kvinne- og kjønnsstudium, retorikk og medievitenskap med spesialisering i praktisk fjernsynsproduksjon.

Kvalitetsreforma - oppsummering

Kvalitetsreforma blei innført ved UiB 01.07.2003. Hovudinnhaldet i reforma er dermed gjeldande praksis ved Universitetet i Bergen. Omlegginga innebar eit omfattande arbeid for så vel fagmiljøa som administrasjonen. I dag kan ein slå fast at overgangen skjedde utan særskilde problem. Reforma har kravd omstilling på ei rekkje område.

Omlegging til nytt gradsystem og overgang frå fag til emne og studieprogram

Universitetet tilbyr no 48 studieprogram som fører fram til bachelorgrad og åtte femårige og 69 toårige masterprogram. I tillegg blir det tilbydd 16 årsstudium.

Innføring av eit system for utdanningsplanar

Kvalitetsreforma krev at studentane legg ein utdanningsplan. Eit system for elektronisk stadfesting av utdanningsplan blei implementert i samarbeid med andre universitet og høgskular.

Omlegging til nytt karaktersystem

Bokstavkaraktarar (A til E for bestått og F for ikkje bestått, eller bestått/ikkje bestått) blei innført 01.07.2003 for karaktarar gjeve etter denne dato.

Oppretting av læringsmiljøutval

Det er oppretta eit læringsmiljøutval jamfør universitets- og høgskulelova §44. Utvalet skal ta i vare dei fysiske, psykiske, og sosiale forholda ved det totale læringsmiljøet til studentane. Utvalet er eit tilsyns- og strategiutval, og leiinga av utvalet skal veksle mellom student og tilsett.

Tettare oppfølging av studentane

Det er oppretta studiepoengjevande kurs og tilbod om opplæring og avlønning for studentassistenter/gruppeleiarar for å styrke kompetansen innan undervisnings- og vurderingsformer og å auke tilgangen på dyktige studentassistenter og gruppeleiarar.

Innføring av eit system for kvalitetssikring

Arbeidet med eit system for kvalitetssikring av studia starta etter at dei nasjonale forskriftene var klare tidleg på nyåret, og systemet vil bli teke i bruk i 2004.

Tilrettelegging for auka internasjonalisering

Kvalitetsreforma impliserer at det blir lagt til rette for at alle studentar kan ta delar av studia sine i utlandet, samstundes inneber auka utsending av studentar at fleire internasjonale studentar kjem til UiB. Utdanningsavdelinga og Forskningsavdelinga etablerte i 2001 eit eige prosjekt for auka studentutveksling. I 2003 hadde prosjektet ansvar for delegasjonar til Canada og Tyskland, tilrettelegging av utvekslingsopplegg i India, Uganda og Hawaii, og deltaking på studiemesser hos partnerinstitusjonar i Australia. Det blei i tillegg underteikna 22 nye bilaterale samarbeidsavtaler.

Behovet for tilrettelegging for studentar som skal på utvekslingsopphald, førte og til opprettinga av "Verdensrommet". Her kan studentar ta kontakt for å få informasjon og hjelp ved delstudium i utlandet. "Verdensrommet" har hatt jamn auke i talet på rådspørjingar.

Innføring av lengre semester

Det er innført 19 vekers haustsemester og 21 vekers vårsemester, og tidlegare semesterstart som følgje av at semestera er blitt lenger. Fristen for å registrere seg og betale semesteravgifta blei flytta fram til 1. september om hausten og 1. februar om våren.

Styrking av førstelinjetenesta

Innføringa av Kvalitetsreforma har ført til store endringar når det gjeld sentrale tenester til fakultet, fagmiljø og direkte til studentane, og til auka pågang av studentar til universitetet si førstelinjeteneste. Talet på ekspedisjonar ved den sentrale studentsørvistenesta, har auka vesentleg, frå ca. 45 000 i 2001 og ca. 61 000 i 2002, til ca. 67 000 i 2003. Førstelinjetenesta er difor opprusta, og det er innført ei sentral rettleiingsteneste med tverrfagleg/tverrfakultær kompetanse for alle studentar.

Styrking av kontakten med arbeidslivet

For å skape dialog med arbeidslivet om studietilbodet ved UiB, har det vore arrangert lunsjmøte med representantar frå fagmiljøa og næringslivet. Lunsjmøta er arrangerte i samarbeid med Karrieresenteret og Bergen Næringsråd.

Eksamenstal

I 2003 har fleire studentar teke eksamen. Auken er størst for høggradsstudentane, frå 83 % i 2000 til 87.3% i 2002. Auken i talet som greier eksamen, er størst på ex. phil. frå 70 % i 2000 til 78.6% i 2003, og blant lågaregradsstudentane, frå 82.3% i 2000 til 85.3% i 2002. Tala for 2003 stadfester denne tendensen.

Studentportalen

I studentportalen får studentane generell informasjon om UiB og undervisingstilbodet. I tillegg har alle registrerte studentar si eiga side "Mi side" med timeplan, pensumlistar, studieplanar og meldingar som gjeld dei emna dei studerer. Tenesta har ca. 5000 brukarar dagleg.

I tillegg til reint studieadministrative opplysingar kan lærestoff og pedagogisk rettleiing og oppfølging gjerast tilgjengeleg gjennom Studentportalen. Desse funksjonane vil i løpet av 2004 bli ivaretatt av Classfrontier, som er det sentrale læringsstøttesystemet (LMS) ved UiB.

Opptak/mottak

UiB sin handlingsplan for studentrekruttering blei følgt opp i 2003. UiB var til stades på åtte utdanningsmesser og besøkte om lag 120 vidaregåande skular og folkehøgskular i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I tillegg blei det utvikla eit nytt messekonsept i samarbeid med Utdanning i Bergen.

Totalt var det 6370 søkjarar som hadde Universitetet i Bergen som sitt førsteval hausten 2003, ein auke frå 5394 i 2002.

Våren 2003 blei det tatt opp 1454 studentar ved UiB. 200 av desse hadde utanlandsk statsborgarskap. Hausten 2003 blei det tatt opp 4517 studentar. 482 av desse hadde utanlandsk statsborgarskap. Dei fleste av dei norske studentane som ynskte det, blei tatt opp på seminarmodellen til examen philosophicum, og fordelte på seminargrupper. Totalt blei 1205 studentar påmelde til seminarmodellen.

Det blei gjennomført introduksjonskurs for dei internasjonale studentane både vår og haust. Norske og internasjonale nye studentar fekk eit samla mottak i Grieghallen og på fakulteta hausten 2003. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbod om deltaking i faddergrupper. 64 % av dei nye studentane deltok på fadderarrangement.



Forsking: Betra vilkår for innovasjon



Apning av UiBs 3 SFF-er mandag 6. januar 2003: SFF-lederne Sverre Bagge, Arne Skauge og Eystein Jansen mottok navneskilt av Christian Hambro frå forskningsrådet.

Senter for framifrå forskning og tiltak for kommersialisering av forskingsresultat, får ringverknader utover forskingsmiljøa.

Ved byrjinga av 2003 markerte ein starten for UiB sine tre senter for framifrå forskning (SFF): Center for Medieval Studies (CMS), Centre for Integrated Petroleum Research (CIPR) og Bjerknes Centre for Climate Research (BCCR). Dette markerte samtidig slutten på ein lang prosess med utveljing av sentera, ein prosess som starta med utlysing av prekvalifisering i februar 2001. Frå Universitetet i Bergen var meir enn 20 miljø med i prekvalifiseringsrunden. Av desse kom ni miljø med i siste runde som i juni 2003 gav som resultat at UiB fekk tre SFF. Forskingsavdelinga har støtta sentera med inngåing av kontrakt med Forskningsrådet, under dette også budsjettarbeid, og med framskaffing av eigna lokale for verksemda. Sentera melde under Forskningsrådet sin *site visit* 14. januar 2004 at oppstarten har gått etter planen, både fagleg og administrativt. Samarbeidet med grunninstitutta har vore ei viktig sak for dei tre SFF i oppstarten.

Innovasjon og kommersialisering

I 2003 fekk universiteta utvida sine oppgåver med å medverke til næringsutvikling og kommersialisering av forskingsresultat. Arbeidstakaroppfinningslova blei gjort gjeldande for universiteta fom 01.01.03. Dette gir universitetet tilgang til å overta retten til næringsmessig utnytting av patenterbare oppfinningar gjort av lærarar og vitskapleg tilsette ved institusjonen. Tilsvarande blei samarbeid med næringsliv, og næringsmessig bruk av forskingsresultat, tatt inn i formålsparagrafen i universitets- og høgskulelova.

UiB har historisk sett arbeidd institusjonelt med kommersialisering i framkant av desse lovendingane gjennom etablering av Forinnova og InnoVest på slutten av 90-talet, og deretter Sarsia Innovation AS som med god hjelp frå Universitetet i Bergen, SIVA, Trondheim og vestnorsk næringsliv har reist totalt 110 mill. kr i privat eigenkapital til selskapet gjennom 2 emisjoner i 2001 og 2003. Stiftelsen Unifob har vore eit viktig organisatorisk og økonomisk verkemiddel for å realisere desse satsingane.

For å ivareta kommersialisering av forskingsresultat i vår region, har UiB etablert eit kommersialiseringssystem beståande av eit Technology Transfer Office (TTO), som skal fremme kommersialisering og ta hand om teknologirettane til universitetet, og Forskningsparken Sarsia Innovation as, som skal stå for kommersialiseringsarbeidet og skaffe såkornfinansiering. UiB har valt å organisere TTO-et som ein del av stiftinga Unifob med ansvar for både UiB og Unifob AS. I 2003 blei hovuddelen av TTO-et sitt budsjett dekkja gjennom midlar frå NFR via FORNY-programmet, mens det frå 2004 også kjem direkte midlar over statsbudsjettet til denne verksemda.

Sidan starten i 1999 har UiBs kommersialiseringssystem utvikla 135 prosjekt (dei fleste innan marin og medisinsk bioteknologi). Av desse er 15 blitt selskap, 6 lisensavtaler er inngått, og 2 industrial er

gjennomførde. Pr i dag er om lag 50 personar sysselsette i selskapa vi har medverka til å skape.

Andre punkt som var vesentlege for forskinga ved UiB i 2003

FUGE-prosjekt ved UiB

I tildelingsrunden for 2003 blei det løyvd støtte til 4 prosjektsøknader frå UiB. UiB sin del av midlar løyvd frå FUGE er svært tilfredsstillande. UiB har fått ansvaret for fire nasjonale teknologiplattformar og er aktiv partner i Norwegian Micro Array Consortium. Det er etablert 2 FUGE-karrierestipend.

Marin forskning – samarbeid med EMBL

The European Molecular Biology Laboratory (EMBL) og Sars-senteret inngjekk i 2003 ein partnarskapsavtale innanfor marin molekylærbiologi. Samstundes er senteret utvida til 8 forskargrupper. Dette vil lette utveksling av vitenskapleg personale og styrke fagmiljøa sine felles forskingsområde og gi nye moglegheiter for forskarutdanning og forskingssamarbeid.

Nytt forskningsskip: G.O.Sars

Hausten 1999 vedtok Stortinget å løyve pengar til bygging av nytt forskingsfarty til UiB og Havforskningsinstituttet (HI). Bygginga tok til hausten 2001, og skipet vart overlevert våren 2003. Nye G.O. Sars er på 3800 brutto registertonn, og har ombord store mengder avansert utstyr for både geologiske og biologiske undersøkingar. Tidlegare har støyen frå forskingsfartya vore opphav til store feilkjelder, mellom anna ved observasjon av naturleg åtferd hos fisk. På det nye skipet er denne feilkjelda sterkt redusert, slik at ein mellom anna kan kombinere seismiske undersøkingar med mengdemåling og åtferdsstudium av fisk. Ved å kombinere tokt med ulike føremål på denne måten, kan bruken av båten bli sterkt effektivisert. G.O. Sars kan også drive undersøkingar på større djup enn tidlegare, og skipet er meir stabilt, slik at ein blir mindre avhengige av godt vær.

BB-bygget

01.09.03 overtok UiB Bygg for biologiske basalfag, noko som vil leggje forholda godt til rette for avansert medisinsk forskning i Bergensregionen og for ei styrking av samarbeidet mellom UiB og Helse Vest.

Avtale med Christian Michelsen Research (CMR)

UiB inngjekk 26.06.03 ein avtale med CMR AS. Avtalen vil leggje grunnlag for ei styrka forskingsverksemd i UiB sin randsone, særleg innanfor dei matematisk-naturvitskaplege og teknologiske fagområda, inkludert medisinsk teknologi, og medverke til å styrke UiB sin innsats innanfor innovasjon og nyskaping.

Internasjonalt samarbeid

UiB har fått god utteljing innanfor NUFU-programmet og EU-finansierte prosjekt, og kan syne til styrka internasjonal rekruttering til fleire viktige fagfelt. UiB har blitt medlem i Worldwide Universities Network, noko som kan medverke til å utvikle UiB sitt internasjonale forskingssamarbeid vidare.

Forskarutdanning

Universitetsstyret godkjende 20.06.03 Reglement for PhD-graden med verknad frå same dato. Innføringa av PhD-graden skal stimulere det tverrfaglege samarbeidet om forskarutdanninga mellom fakulteta. Dette skal gi grunnlag for eit samla løft for UiB si forskarutdanning med sikte mot auke i volum, heving av kvaliteten i forskarutdanninga og etablering av forskarskolar innanfor sentrale og strategiske forskingsområde. I 2003 har det blitt utvikla rammeverk og opplegg for forskarskolar innanfor fleire fagområde.




Forskarutdanninga

Godt år for forskarutdanninga


Som 2002 var også 2003 eit godt doktorgradsår. Totalt disputerte 152 kandidatar, om lag det same som året før. Av dei 152 kandidatane var det 63 kvinner og 89 menn.

33 av dei kandidatane som disputerte, har eit anna heimland enn Noreg, og tre er registrerte utan opplysingar om heimland.

Dei fleste doktorgradane i 2003 var avlagde ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet og ved Det medisinske fakultetet, som til saman hadde vel 64 prosent av doktorandane. Blant institutta var det Institutt for fiskeri og marinbiologi som toppa statistikken med 17 doktorandar. Fordelinga på fakultet går elles fram av figuren nedanfor:



I perioden 1980-2003 er det avlagd i alt 1970 doktorgrader ved Universitetet i Bergen. Auken frå dei første 24 doktorgradane i 1980 til 152 for 2003 representerer ein auke på over 530 prosent. Utviklinga er vist i figuren nedanfor.



Ny doktorgrad

Som ledd i oppfølginga av den nasjonale evalueringa av dei organiserte doktorgradane vedtok Utdannings- og forskingsdepartementet i oktober 2002 at dei eksisterande organiserte doktorgradane skulle avviklast og erstattast med ein ny felles grad. For Universitetet i Bergen innebar dette at gradane dr.art., dr. polit., dr.scient., dr.med., dr.odont., dr.juris. og dr.psychol. blei avvikla, og at det blei innført ein ny organisert doktorgrad som er felles for heile universitetet: Philosophiae Doctor, forkorta til PhD.

Til den nye graden er det også utarbeidd eit nytt reglement. Hovudendringa i det nye reglementet ligg i at dette reglementet understrekar at det no blir ein felles PhD-grad ved UiB, men med ei forankring av fagleg ansvar på fakultetsnivå for dei fagområda som blir dekkja av fakulteta. Det nye reglementet legg også opp til å stimulere tverrfagleg samarbeid om forskarutdanning, både mellom fagmiljø innanfor fakulteta, mellom fagmiljø ved ulike fakultet, og også samarbeid med sentra og eksterne institusjonar.

Andre viktige nye element er

- at det er eit vilkår ved opptak at kandidaten blir knytt til eit aktivt forskingsmiljø
- at dette miljøet skal delta aktivt i utforminga av prosjektopplegg og –beskriving, og dermed også i opplæringsplanen for kandidaten
- at det er tatt med detaljerte reglar for avslutting av rettleiingsforhold
- at dei rettar og plikter som kviler på rettleiar og kandidat er presiserte og tatt med i reglementet
- at rutinar for undervegsrapportering er presiserte
- at det er tatt inn i reglementet retningslinjer for rett til bruk av resultat m.m.
- at behandlinga av innstilling frå sakkunnig komité er utdjupa og presisert
- at forhold kring innlevering av avhandling er utdjupa og presisert

Det er også utforma nødvendig supplerande avtaleverk for den nye doktorgraden. Dette avtaleverket omfattar skjema for søknad om opptak, og avtale om organisert forskarutdanning. Sidan den nye doktorgraden er felles for heile UiB, er søknadsskjema og avtale om forskarutdanning standardisert og gjort lik for alle fakulteta.

For den frie doktorgraden, Doctor Philosophiae (Dr. Philos.) er det inga endring. Det er framleis høve til å søkje om å framstille seg for denne doktorgraden utan å ha gjennomgått ei formell forskaropplæring, og utan at det til avhandlinga er knytt krav om organisert rettleiing.

Arbeidsmiljøet kartlagt

Det har vore gjort fleire nasjonale og lokale evalueringar av forskarutdanninga, men desse evalueringane har i mindre grad tatt opp spørsmål om helse og arbeidsmiljø er utslagsgjevande for låg gjennomstrøyming i doktorgradsstudiet. Det blei derfor sett ned eit eige utval som skulle sjå på dette, og dette utvalet har hausten 2003 gjennomført ei kartleggingsundersøking blant alle doktorgradskandidatane ved UiB. Resultata er nedfelt i ein eigen rapport som blei ferdig ved årsskiftet 2003/2004.

I kva grad dårlig gjennomstrøyming i doktorgradsstudiet kan tilskrivast forhold relatert til helse og arbeidsmiljø er vanskelig å dokumentere. Men ut frå kandidatane sine egne opplevingar og situasjonsbeskriving kan det synast som om forhold rundt helse og fysisk, faglig og sosialt arbeidsmiljø for enkelte har resultert i dårleg oppstart, medverka til dårleg integrering i fagmiljøet og resultert i forseinka progresjon.

Det er særleg på fem område at utvalet meiner det er behov for å setje inn tiltak:

- a) rutinar og informasjon
- b) internasjonalisering og utanlandsopphald
- c) rammevilkår
- d) rettleiing og samarbeidspartnarar
- e) UiBs arbeidsgjevaransvar
- f) kultur og holdningsarbeid



Vatn og kulturarv i utviklingsforskning

UiB har lange tradisjonar innan utviklingsforskning, og har eit breitt internasjonalt samarbeid på fleire felt.

I 2003 vart eit NFR-finansiert vassforskningsprosjekt i Uganda, som låg under Nature, Society and Water (NSW), avslutta. Prosjektet var todelt:

1. Eit "State of the art"-essay om forskning på vatn og utvikling. Dette arbeidet er langt på veg integrert i arbeidet med første bandet av ein stor encyklopedi om vatn, initiert av UNESCO og med forfattarar frå ca. 50 land, og der professor Terje Tvedt er redaktør.
2. Eit case study kalla "Lake Victoria and Kampala: Historical and present interactions between the lake and society". Dette prosjektet har undersøkt korleis ferskvasstilhøve har påverka utviklinga av Kampala, og korleis sosial, juridisk og politisk utvikling i byen har påverka sjøen som økosystem.

NUFU-prosjektet "Local Effects of Large Scale Global Changes" og NFR-prosjektet "Globaliseringsprosesser i fjellsamfunn i Himalaya: marginalisering eller utvikling?" arbeider begge i Nepal. Det første ser på effektane av storskala-endringar som global oppvarming og internasjonalisering, på lokale samfunn i Nepal. Desse endringane kan ha negative verknader på samfunnet, men dei kan også innebera nye sjansar og tilhøve for utvikling. Det andre prosjektet ser på om bre-avsmelting vil føra til mindre vatn til jordbruket, om global oppvarming vil føra til jordbrukseksponering i høgareliggjande strok, og om globaliseringa i området gjennom internasjonal handel, migrasjon og turisme fører til at landbrukslandskapet forfell.

Videoversjonen av TV-serien "A Journey in the History of Water" vart lagd over på DVD, og omsett til 8 språk. TV-serien er no i bruk ved undervisningsinstitusjonar i mange land, m.a. ca. 300 amerikanske universitet.

SFU har i samarbeid med Senter for miljø- og ressursstudiar (SMR) gjennomført ei permanent tverrfagleg seminarrekke om vatn både i vår- og haustsemesteret i 2003. Eit NUFU-prosjekt i Palestina, "The Lower Jordan River Basin Project", inneheld fleire komponentar om ressurskartlegging, -forvaltning og konservering. Fleire Master- og Ph.D.-arbeid har teke opp dette i høve til ressursane vatn og jordbruksland. Denne kompetansen er viktig i arbeidet med å laga eit Centre for Resource Management ved Birzeit University. Prosjektet har, trass i dei politiske tilhøva, makta å gjennomføra tilnærma normal verksemd i 2003.

Cultural Heritage and Cape Field School

Delar av NUFU-prosjektet "Lower Jordan River Basin" er kulturarv-forskning. Denne strekkjer seg frå arkeologiske utgravingar av 6000-7000 år gamle lag i Jeriko, til "nyare" palestinsk kulturarv og historie dei siste par tusen år. Mellom anna studerer ein arkitektur, kulturlandskap, og dei samfunna som skapte desse. Utgravingane hausten 2003 vart gjennomførde trass i praktiske vanskar og tryggleiksrisiko, og gav svært interessante funn som no vert publiserte internasjonalt.

Eit nytt NUFU-prosjekt i samarbeid med University of Zimbabwe, "The Ancestral Landscape of Manyikaland" kom i gang i 2003. Særleg vellukka har kartlegginga av "rock art"-funnstader vore. Ein sit no med meir enn 80 nye funnstader, og vidare fram vil ein arbeide meir med nokre utvalde stader.

Eit treårig NORAD-finansiert prosjekt "Archaeology in Southern Africa – a regional project with emphasis on archaeology and cultural heritage in Mozambique", kom i gang i 2003. Prosjektet studerer "rock art", ritar, munnlege tradisjonar og seremoniar. Hovudmålet er å gje eit viktig og berekraftig bidrag til arkeologisk forskning og kompetanse i forvaltning av kulturarven i Mozambique, og slik bidra til identitetsskaping og sosioøkonomisk utvikling.

I 2003 vart NUFU-prosjektet "Culture, Heritage and Identity in Central America" avslutta, med slutføring av ei rad Master- og Ph.D.-arbeid. Vi har fått på plass ein avtale med African Heritage Research Institute i Cape Town, Sør-Afrika, om ein intensiv feltskule for arkeologstudentar, som vi vonar kan

byggast ut til også å omfatte studentar frå andre disiplinar. Kurset går i naturreservatet DeHoop, i Potberg kurscenter.

Forskning på Non-Governmental Organisations

SFU har eit prosjekt finansiert av NFR og det sørafrikanske forskingsrådet om "Understanding NGO-Government Relations in Africa", i samarbeid med University of Natal. NFR finansierer også "NGO's, the State and the Multilateral organisations", og i 2003 vart vi av NFR tildelt nasjonal nettverksfunksjon for NGO-studiar. I oktober 2003 hadde vi ein internasjonal konferanse om det bergenske "DOSTANGO"-omgrepet (donors – state – NGOs) i NGO-forskning.

Professor Terje Tvedt publiserte boka "Bistand, utanrikspolitikk og makt" innanfor Maktutreiinga. Det var ein av de mest diskuterte og profilerte arbeida i heile maktutreiinga, og har ført til mykje merksemd både i presse, politiske miljø og forskingsverda.

IMER-forskning

Eit EU-finansiert prosjekt "Migrants, Minorities, Belonging and Citizenship: Glocalisation and Participation Dilemmas in EU and Small States - GLOCALMIG", vart avslutta i 2003, og resultata vert publiserte i form av 7-8 rapportar på SFU sitt forlag, BRIC. NFR-prosjektet "Diversity, Change and a Society in Change" er inne i sitt andre år (starta hausten 2002).

I desember leverte IMER ein Integrated Project-søknad til EU, "Diversity and Citizenship", med 20 partnarar i 17 land, og eit svært solid vitenskapleg fundament. Det kosta truleg mellom eit halvt og eitt årsverk, men vil, dersom prosjektet vinn fram, peika framover for UiB si IMER-forskning for mange år.



Premie for likestilling



Kjemiprofesor Einar Sletten og stipendiat ved Institutt for medievitenskap, Hilde Arntsen, såg fram til å bli samtalepartnarar i mentorprosjektet.

UiB har vedteke å arbeide målretta med likestilling, og vann fleire prisar for eitt av sine likestillingsprosjekt i 2003.

UiB vedtok i juni ein ny handlingsplan for likestilling for perioden 2003 - 2005, der den generelle utfordringa er å integrere likestilling i den regulære verksemda på alle nivå og fagfelt. For å arbeide systematisk mot dette målet, konkretiserer og prioriterer planen ulike delmål og tiltak. Arbeidet skal i perioden vera konsentrert om følgjande prioriterte område:

- Tiltak for å auke rekrutteringa av kvinner til utdanning, forskning, undervising og leiande administrative stillingar. Desse omfattar også tiltak for å endre den skeive kjønnsbalansen innafor ulike fagområde.
- Tiltak for å sikre kvinner og menn like sjansar til å gjera karriere ved universitetet.
- Integreere kvinne- og kjønnsperspektiv i de ulike fagområda.

Likestillingspris til "Vi bryr oss!"-prosjektet

"Vi bryr oss!"-prosjektet ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet fekk i 2003 UiB sin likestillingspris.

[Les mer.](#)

Prosjektet fekk også toppnotering på likestillingsbarometeret frå Likestillingscenteret.

[Les mer.](#)

Mentorprosjektet ved UiB starta opp i september 2003

Prosjektet har som mål å auke rekrutteringa av kvinner til forskning og undervising, og medverke til å endre organisasjonskulturen ved å setje fokus på kjønnsbarrierar og endre haldningar til kvinner i akademia. [Les mer.](#)

Konferanse om kvinner i realfaga

Senter for kvinne- og kjønnsforskning (SKOK) arrangerte i oktober i samarbeid med likestillingsrådgjevaren og Operasjon Minerva (prosjekt om jenter, matematikk og teknologiske fag) ein konferanse om kvinner i realfaga (Women in Science). Målet var å diskutere årsaker til den skeive kjønnsbalansen innafor desse fagområda.

Likestillingskomiteen ved UiB

Likestillingskomiteen har hatt jamlege møte gjennom året. Dei har hatt ei viktig rolle i arbeidet med den nye handlingsplanen, men har og hatt ei rekkje andre saker oppe til handsaming. Dette gjeld særleg høyringssaker og tilsetjingsaker: [Sjå årsrapport frå Likestillingskomiteen:](#)



UNIFOB AS: Styrkar eksterntfinansiert forskning

Unifob AS vart etablert i 2003, og skal vere UiB sin hovudreiskap innan eksternt finansiert forskning.

Det akademiske kollegium vedtok i 2002 å gå saman med Stiftelsen universitetsforskning Bergen (Unifob) om å danne Unifob AS. Tilsvarende vedtak vart gjort av stiftinga sitt styre 22.10.02. Stiftelsen Unifob la inn sin portefølje av forskingsprosjekt i selskapet, medan Universitetet i Bergen la inn det meste av sin eksternt finansierte forskingsportefølje.

Selskapet vart etablert 1. juli 2003. Det er eigd med 85 prosent av Universitetet i Bergen og 15 prosent av Stiftelsen Unifob. Unifob AS er såleis et dotterselskap av Universitetet i Bergen. Aksjekapitalen i selskapet er på 35 millionar kroner. I løpet av siste halvår 2003 vart prosjektporteføljen overført frå Stiftelsen Unifob og Universitetet i Bergen til Unifob AS. Unifob AS vil - når prosjektporteføljen er endeleg på plass - ha ein omsetnad pr. år på mellom 350 og 400 millionar kroner, og dekkje forskning ved samtlege av fakulteta ved universitetet.

Unifob har fått god uttelling i konkurransen om senter for framifrå forskning (SFF) og satsinga på funksjonell genomforskning. To av SFFane og fleire av dei store Fuge-prosjekta er lagd til Unifob. Stiftelsen auka bemanninga med om lag 150 personar i 2003, og har no om lag 500 tilsette.

Den store aktiviteten gjer det ekstra viktig å ha søkjelys på fagleg kvalitet, samarbeid og strategi. Forskarar ved Unifob samarbeider difor på tvers av avdelingane.

Opprettinga av Unifob AS gjer at universitetet står endå sterkare i konkurransen om eksterne midlar.

Selskapet vurderer stadig nye fagområde og spesialitetar som kan auka oppdragsverksemda og løyvingane av forskingsmidlar frå til dømes Forskningsrådet og EU.



Universitetsbiblioteket i Bergen



Handkolorert bergenskart fra 1768 som no er tilgjengeleg for alle på nett, medan originalen ligg trygt og godt utan å utsettast for slitasje.

Auke i bruken av Universitetsbiblioteket

Universitetsbiblioteket har som hovudoppgåve å yte bibliotek- og informasjonstenester for forskning, undervising og formidling ved Universitetet i Bergen. Dei siste åra har utviklinga gått meir og meir mot elektroniske tenester og ressursar. I statistikkane for 2003 kan ein sjå at denne utviklinga har hatt ein merkbar effekt på bruken av UB sine tenester. I mange år fram til 1997 var det ein sterk auke i låneverksemnda ved UB, som fram til då utelukkande omfatta fysiske lån. Frå 1998 stagnerte tala for fysiske lån, og er sidan blitt noko redusert. Men parallelt med dette har det vore ein auke i bruken av biblioteket sine elektroniske ressursar. Nedlastingar frå nettet av elektroniske fulltekstdokument erstattar no i mange tilfelle lån i form av artikkelkopiar o.l. Tal for dei to siste åra viser at det når desse tala blir lagde til dei ordinære lånetala, var det ein auke på 22,1 prosent i bruken av UB sine samla ressursar, både trykte og elektroniske, frå 2002 til 2003. Heile denne auken har kome i bruken av dei elektroniske ressursane. Fram til og med 2002 utgjorde framleis nedlastingar av fulltekstdokument ein mindre del i høve til dei ordinære lånetala, men i 2003 utgjorde slike nedlastingar om lag 2/3 i høve til samla tal for ordinære (fysiske) lån.

Det har vore ein klår auke i besøkstala ved UB siste året (12,3 prosent). Denne auken har i all hovudsak kome ved dei avdelingane som har bygd ut læringscenter med PC-tilbod o.a. for studentane.

Både på grunnlag av utviklinga generelt og på grunnlag av innføringa av kvalitetsreforma for høgre utdanning spesielt, har UB i 2003 hatt som høgste prioritet ei vidare utbygging av det digitale biblioteket. I tillegg har biblioteket arbeidd mykje med ulike ombyggings-, utbyggings- og flytteprosjekt ved fleire av sine avdelingar.

Større oppgåver som er utført i 2003:

1. Vidare utbygging av det digitale biblioteket:

- Arbeid med overgang frå trykte til elektroniske tidsskrift. Talet på elektroniske tidsskriftabonnement er utvida med 15,6 prosent til 5050 i 2003. UB har også byrja skaffe tilgjenge til elektroniske bøker, førebels i mindre omfang.
- Digitalisering av eldre verdfulle samlingar: Om lag 1.000 bilete er digitaliserte ved Biletsamlinga, i tillegg til ein del manuskript, kart, o.a.
- Konverteringsprosjektet for overføring av UB sine kortkatalogar til BIBSYS-databasen vart avslutta sommaren 2003. Heile UB sin hovudkatalog er lagt inn i BIBSYS, slik at det aller meste av UB sine samlingar no er tilgjengeleg i BIBSYS. I alt har prosjektet sidan starten i 1992 handsama over 1,1 mill. kort, og meir enn 475.000 postar er konverterte i BIBSYS.
- Etablering av læringscenter med PC-tilbod, tilgang til Internett osv., ved Det historisk-filosofiske fakultetsbibliotek (i mellombels lokale), ved Det matematisk-naturvitenskaplege og Det juridiske fakultetsbibliotek. Læringscenter ved Det psykologiske fakultetsbibliotek vart utvida med nytt og

- større areal i 2003.
- UB har kjøpt inn og gjort tilgjengeleg for tilsette og studentar ved UiB referansehandteringsverktøya EndNote, ReferenceManager og WriteNote.
- Arbeid med elektronisk publisering av hovudfagsoppgåver, dr.gradsarbeid o.a. 139 hovudfagsoppgåver vart publisert på nettet i 2003.
- Omlegging/oppdatering av UB sine nettsider for publikum.
- Utarbeiding av IKT-handlingsplan for UB V2003-H2005.

2. Ombyggings-, utbyggings- og flyttestorsjekt:

- Det er gjennomført detaljplanlegging for ombygging av Haakon Sheteligss plass 7 til HF-fakultetsbibliotek. Ombyggingsarbeidet starta hausten 2003. Samstundes vart det gjennomført utflytting til mellombels lokale av personale og av store samlingar frå Haakon Sheteligss plass 7.
- Dei tidlegare bibliotekavdelingane ved Haukeland og PKI er slått saman, og Det medisinske fakultetsbibliotek tok i bruk nye lokale i BB-bygget i mars 2003.
- Pga. akutte plassproblem og fordi ei planlagt arealutviding er utsett, er nokre av dei eldre samlingane ved Det samfunnsvitskapelege fakultetsbibliotek blitt plasserte i lukka magasin.
- Opning av lesesal for publikum ved Biletsamlinga.

3. Kontinuerleg arbeid for å halde oppe kvaliteten på UB sine samlingar og tenester, og for å utnytte ressursane best mogleg.

- Det vart gjennomført ein tilbodsrunde for UB sine tidsskrift i 2003. På grunnlag av dei tilboda som kom inn, vart SWETS vald som hovudleverandør.
- Opningstidene ved publikumsavdelingane vart utvida med 5 timar pr. veke frå hausten 2003, slik at opningstidene som hovudregel er måndag-fredag kl. 9-19.

4. Personalpolitiske tiltak

- Fyrste del av leiarutviklingsprogram 2003-2004 ved UB er gjennomført med to samlingar hausten 2003, med 22 deltakarar.
- Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å auke kompetansen til dei tilsette ved UB, med serleg vekt på styrking av informasjonskompetanse o.a. i samband med etablering av læringscenter ved UB.

[les mer om noe biblioteket tale](#)



Iverksetting av universitetets IKT-strategi



Opningsveka hausten 2003: I alt er det fleire sider som vert lasta ned frå studentportalen enn frå den sentrale web-serveren på UiB. (foto: Silje Gripsrud)

Arbeidet med å tilpassa IKT-organisasjonen og IKT-tenestene til revidert IKT-strategi er i godt gjenge.

IT-direktøren har fått utvida fullmakter til å syta for sterk samordning mellom IT-avdelinga og dei lokale IT-driftsmiljøa, og dette blir i stor grad teke i vare gjennom uformelle kontaktnett der IT-avdelinga har ei leiande rolle.

Ein grunnleggjande føresetnad for velfungerande IKT-tenester er eit nettverk med høg kapasitet og stor stabilitet. Med få unntak har IKT-brukarane ved UiB all den nettverkskapasiteten dei har bruk for, og spesielle behov vert godt ivaretekne.

Ei spesiell utfordring ved UiB er ein stor spreidd bygningsmasse med hyppige endringar. Dette medfører at eksisterande samband må leggjast om og nye må opprettast. Trådlausnett (WLAN) blir bygt ut etter behov.

Gjennom eit sentralt brukaradministrativt system (SEBRA) har alle studentar no tilgang til grunnleggjande IKT-tenester. I eit brukarvenleg vevgrensesnitt opprettar studentane sjølve sine IKT-konti, og her kan dei også skifta passord. Innan utgangen av vårsemesteret 2004 vil SEBRA vera implementert for tilsette. Det blir også arbeid med å gje forenkla internett-tilgang til personar som er på korttids vitjing ved UiB.

Delvis som ein konsekvens av IKT-strategien har IT-avdelinga fått eit stadig auka ansvar for klientdrift, mellom anna er det inngått avtaler med Psyk.fak., Jur.fak. og CIPR om automatisert drift av MS-Windows klientar. Det føregår samtalar med det nye BIO-instituttet og UB om tilsvarande driftstenester frå IT-avdelinga.

Informasjonstryggleik

Stadig meir ressursar (årsverk, maskin- og programvare) går med til å oppretthalda IKT-tenestene gjennom daglege virusåtak og andre former for negativ aktivitet i datanettet.

Gjennom uformelle kanalar føregår det mykje utveksling av informasjon mellom universiteta. I 2003 vart UiO, NTNU og NHH utsett for åtak der mange brukaridentitetar vart opna for innsyn, noko som førte til at alle IKT-brukarar måtte skifta passord på kort varsel. Samla økonomiske konsekvensar var fleire millionar kr. Ein kombinasjon av flaks og sikringstiltak gjorde at åtak mot UiB ikkje har fått store negative

konsekvensar, likevel er enkelte lokalmiljø ved UiB blitt hardt råka.

IKT i læring og undervisning

I 2003 er det implementert to sentrale system som skal støtta og effektivisera studieprogramma og læringa.

Studentportalen som er innfallsporten til svært mykje studieinformasjon, har til dagleg om lag 7000 påloggingar. I tillegg til reint studieadministrative opplysingar blir lærestoff lagt på nett og studentane kan oppretta samarbeidsgrupper for ulike føremål. For å gje eit betre tilbod til utanlandske studentar er deler av studentportalen konvertert til engelsk.

Classfronter er eit såkalla læringsadministrativt system (LMS), som ein har vedteke skal vera det sentrale LMS ved UiB, gratis tilgjengeleg for dei fagmiljøa som vil ta det i bruk. Det er for tida sett i verk prøveprosjekt ved alle fakulteta. Ved Juridisk fakultet, som har lengst erfaring med systemet, er bruken stor. Det elektroniske læringssystemet Kark som er utvikla ved Historisk institutt, blir integrert i Classfronter.

Timeplanleggingssystemet *Syllabus* er under testing. Dersom Syllabus blir valt kan det henda at også romreservasjon blir lagt til dette systemet.

Dei omtala systema blir integrert tett med Felles studentsystem (FS) og det blir planlagt forenkla pålogging via SEBRA. Med desse systema vil ein sikra auka kvalitet i undervisningsadministrasjon og læringsmiljø utan at samla ressursbruk blir vesentleg større enn tidlegare.

Forenkla kvardag

Våren 2003 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som har lagt fram detaljerte planar for Intranett eller portal for tilsette. Fyrste implementering er planlagt til hausten 2004. Det er i gang arbeid med innføring av nye elektroniske verktøy for bibliotektenester som gir lettare tilgang til eksterne elektroniske publikasjonar, og som vil leggja til rette for elektronisk publisering av fagstoff frå UiB.

Gjennom samarbeidsprosjektet *FRIDA* vil dei norske universiteta frå hausten 2004 få eitt standardisert system for forskingsdokumentasjon, som mellom anna vil forenkla rapporteringa til styresmakter, NFR og andre.

Formidlingsavdelinga er i gang med ei omfattande omlegging og standardisering av UiB sine opne vevsider. Målet er å gje betre tilpassa informasjon til ulike brukargrupper, og enklare navigasjon. Dette vil også krevja ei kraftig opprydding frå alle dei avdelingane og fagmiljøa som har lagt informasjon på vev. Intranett også er ein viktig del av nysatsinga.

Nye system for elektronisk fakturahandsaming og prosjektøkonomi er under testing/implementering.

Med den tekniske utviklinga som skjer innan IKT-området blir kunnskapar fort forelda, nye tenester kjem til og nokre tenester kan fasast ut. Ved IT-avdelinga og Mat.Nat. er det sett i gang kompetansekartlegging som grunnlag for å utarbeide kompetanseplanar for IT-driftspersonell, slik at ein kan møta framtidige behov.



Fusjon for formidling



Formidlingsdirektør Torny E. Aarbakke under åpningen av Formidlingsavdelingen, som fant sted i et av UiBs studio.

Formidlingsavdelinga vart etablert ved ein fusjon mellom tre av universitetets einingar frå 1. januar 2003.

Formidlingsavdelinga vart etablert ved ein fusjon mellom tre av universitetets einingar frå 1. januar 2003.

Konstruksjonen av den nyetablerte eininga var ei kompetansemessig nyskaping ved universitetet. Ved samanslåinga fekk avdelinga nye lokale med ein stor og moderne utstyrspark, som tilsette med kompetanse innan informasjon, journalistikk, tv- og videoproduksjon, grafisk design, web, foto og elektroniske læremidlar kunne ta i bruk.

Allereie frå oppstart var den formidlingsfaglege aktiviteten og etterspurnaden etter avdelinga sine tenester høg på nesten alle område. Parallelt med ein høg fagleg aktivitet, vart eininga våren 2003 organisert i faggrupper.

Intern strategiprosess og ombygging

For å arbeide som eit samla fagmiljø med kapasitet innretta mot felles prioriteringar, vart ein inkluderande strategiprosess sett i gang hausten 2003. Heile avdelinga deltok på eit eigeprodusert strategiseminar, der prosess og inkludering mot ein felles strategi var målet.

Våren 2003 vart det også etablert faglege lunsjseminar for avdelinga, for å skape ein felles fagleg møteplass. Tidleg på hausten vart det oppretta eit brukarforum for å systematisere kontakt og prioritere teknisk innsats og innkjøp i ein heilskapeleg kontekst. Teknisk eining innkallar med jamne mellomrom tv-gruppa, grafisk gruppe og stab til brukarmøte.

Den "endelege" organiseringa av avdelinga viste tidleg trong for visse bygningsmessige justeringar, noko som vart gjennomført av Eiendomsavdelingen mot slutten av året. Avdelinga fekk synleg resepsjonsmottaking for besøkande, møterom med samlingsplass for heile eininga, egne kontor til tv-produsentane, og tilrettelegging av frilanskontor. Slik sett er avdelinga bygningmessig rusta for svært god funksjonalitet, samstundes som det er tatt høgde for framtidig fleksibilitet.

Høg produksjon

Formidlingsavdelinga har ansvar for å leggje til rette for intern og ekstern informasjon ved Universitetet i Bergen. Avdelinga arbeider med mediekontakt, rådgjeving og kursverksemd innan forskingsformidling. Ho produserer blant anna nettavisa På Høyden, English news og forskingsbladet UiB-magasinet.

Avdelinga har det overordna ansvaret for UiBs inter- og intranettsider, og overordna design- og innhaldsansvar for universitetet sitt sentrale brosjyremateriell.

Avdelinga er gjennom Univisjon ansvarleg for produksjon av populærvitskaplege fjernsynsprogram for framsyning på NRK og andre norske fjernsynskanalar. Den ligg også i fremste rekke i utviklinga av video for web. Med utbygginga av breiband gjev internett ein ny kanal for fjernsynsproduksjon, og fjernsynsgruppa er komen langt i å utvikle format for video på internett.

Gruppa for grafisk design og multimedia løyser oppgåver i spekteret grafisk TV-produksjon, avansert grafisk framstilling av forskning, multimediedesign, webdesign, katalogar, plakatar og brosjyrar.

Det tekniske senteret er bygd opp rundt eit sentralt apparatrom med seks videoredigerings- og eit lyddetterarbeidsrom. Der er også TV-studio og eit mindre studio rekna for større videokonferansar og førelesingar.

Fotoseksjonen tilbyr fototenester, og har biletarkiv over UiB si nyare historie, vestlandsnatur og krigsbilete.

Fagleg byggjearbeid

Ei rekkje faglege bygge- og utviklingsjobbar har prega etableringsperioden. Eksempel på dette er utgreiing av intranett for UiB, oppbygging av ein grafisk profil, og utvikling av det eksterne UiB-magasinet til et meir allmennretta magasin frå universitetet. Alle arbeida er utført i samarbeid og samråd med faglege redaksjonsgrupper, og brukarperspektivet har vore retningsgjevande for utviklingsprosessane som har gått føre seg.



Tal for 2003

Studentar

Antall studentar med studierett er 17 499 (16 752 hausten 2002), og er det høgaste som nokon gong er registrert ved universitetet.

Førebels resultat frå arbeidet med implementeringa av kvalitetsreforma:

- UiB har lukkast med sine nye studieopplegg for førstesemesteret. Talet på studentar som avla ex. phil. eksamen hausten 2003 er om lag 20 prosent høgare enn før implementeringa av reforma
- Ein aukande del av dei nye studentane legg opp til å ta ein grad
- Innføring av kvalitetsreforma gjev mindre fråfall fram mot eksamen, og gjennomstrøminga i studia er betra

I 2003 vart det avlagt studiepoeng tilsvarande 10 523 årseiningar, ein auke på 690 frå 2002

Les [øvrige resultat](#) frå undervisningsaktivitetane.

Forskning

Universitetet har ei omfattande forskingsverksemd innan fleire område. Delar av denne verksemda er i 2003 underlagd eksterne evalueringar, med positive resultat.

Les [meir informasjon](#) om dette og [endå meir](#).

Rekneskap

Førebelse rekneskapstal viser at verksemda ved universitetet hadde eit omfang på 2,4 milliardar. Endelige rekneskapstal og årsberetning for 2003 vil vere klar 15. mai 2004. Rekneskap og årsrapport skal deretter reviderast av Riksrevisjonen før overlevering til Utdannings- og forskingsdepartementet 15. juli 2004.

Les [førebelse rekneskapstal](#) for universitets avdelingar.



Det historisk-filosofiske fakultet



UiB samarbeidar med Birzeit University i Ramallah. Gjenstand funnen i utgravings prosjekt på vestbredden.

Breidde i humaniora

Parallelt med innføring av kvalitetsreforma, har fleire forskingsmiljø ved Det historisk-filosofiske fakultetet utmerkt seg fagleg i året som gjekk.

Kvalitetsreforma

2003 markerte starten på kvalitetsreforma, gjennom pilotprosjekt og førstesemesterstudiet. Det er lagt ned eit stort arbeid med utarbeiding av nye studieplanar i alle fag, og det er utprøvd nye undervisingsopplegg basert på erfaringar frå fleire prøveprosjekt.

Førstesemesterstudiet, der dei første prosjekta starta allereie i 2000, hadde særleg gode resultat i 2003. Her vart det også innført nye lærebøker til examen philosophicum, og tre av lærebokforfattarane utmerkte seg ved at dei vart tildelt to prisar, fagbokprisen (Eivind Kolflaaath) og Idun-prisen (Lars Svendsen og Simo Säätelä).

Det er er oppnådd gode resultat, men vi har likevel langt igjen før alle element i reforma er på plass i løpet av 2004. Tettare oppfylging av studentane er ressurskrevande. Vi har fått auka løyvingar for 2004, og det har gitt grunnlag for å iverksetje nye studieplanar.

Studentutveksling og internasjonalt samarbeid

Studentutvekslinga ved HF auka i 2003. Utveksling gjennom ERASMUS har framleis flest studentar, men NORDPLUS og bilaterale avtalar får større omfang. Det siste er eit resultat av arbeidet med å legge til rette for utanlandsopphald i dei nye studieprogramma. Innan programmet i Midtaustenkunnskap er det såleis lagt ned eit stort arbeid, og det er oppretta avtalar om studieopphald i Syria og Egypt.

HF-miljøa deltek i mange samarbeidsprosjekt og nettverk. Samarbeidet med Afrika har vore vidareutvikla. Det gjeld m.a. samarbeidet med Universitetet i Makerere, Uganda innan filosofi og musikk, og samarbeid med fagmiljø i Sør-Afrika, mellom anna innan arkeologi og kulturforskning.

Center for Medieval Studies (CMS) har eit omfattande samarbeid med forskarar både frå andre skandinaviske land og frå Aust-Europa.

Senter for kvinne- og kjønnsforskning (SKOK) har satsa sterkt på temaet "kjønn og utvikling" og har

mange samarbeidspartnarar lokalt, nasjonalt og internasjonalt i denne satsinga: Sosiologisk institutt ved SV-fakultetet, Institute of African Studies, Universitetet i Ghana, CMI og ulike fag på HF.

HIT- senteret har status som nasjonalt dokumentasjonssenter for språkteknologi innanfor program finansiert av Nordisk Ministerråd. Wittgensteinarkivet er av EU blitt tildelt status som European Research Infrastructure under det femte rammeprogrammet.

Framifrå forskingsmiljø

Forskarar ved HF har utmerka seg på fleire område i 2003:

- Senter for middelalderstudium opna i 2003, eitt av dei tre sentera ved UiB som fekk status som Senter for Framifrå Forsking
- To forskingsmiljø fekk tildeling til strategiske forskingsprosjekt frå NFR – antikkmiljøet ved Institutt for klassisk filologi, russisk og religionsvitskap og helse- og medisinhistorie ved Historisk institutt i samarbeid med andre fakultet
- Atle Kittang ved Institutt for lingvistikk og litteraturvitskap fekk NFRs pris for framifrå forskning

Desse utmerkingane viser noko av breidda i forskinga ved fakultetet. Det blir forska på mange tema og innan ulike organisasjonsformer. Organisering av større prosjekt eller forskargrupper blir meir vanleg, men samstundes er prisen til Atle Kittang eit uttrykk for at forskning på høgt nivå blir drive i form av individuelle prosjekt.

Forskarutdanning og forskarskular

Fakultetet har tatt opp utfordringane som er reiste i samband med evalueringa av forskar- utdanninga. Fakultetsstyret vedtok i 2003 ein handlingsplan for forskarutdanninga. Hovudpunkta i planen er:

- tettare oppfylging av stipendiatane
- sterkare integrasjon i fagmiljøa
- organisering av undervisningsvikariat i staden for tradisjonelt pliktarbeid
- stimuleringstiltak retta mot stipendiatar og fagmiljø

Organisering av forskarskular i tilknytning til SFF-miljøa, og arbeidet med å etablere ein forskarskule innan språkvitskap og filologi, er ledd i handlingsplanen sine tiltak for sterkare integrasjon i fagmiljøa, og det er sentralt i fakultetet sine forskingssatsingar.

Forskaraskulen innan språkvitskap og filologi startar hausten 2004.



Det juridiske fakultet

Satsar på konkurranse

2003 var prega av at ein innførte eit nytt masterstudium i rettsvitenskap, og av ei ny satsing på konkurranserett i forskinga.

Rekruttering

Fakultetet sine satsingar på forskingsprosjekt, og på vidareutvikling av rettsstudiet, har gjeve fakultetet økonomiske rammer og behov for å rekruttere tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. Fakultetet går difor inn i det nye året med fleire tilsette enn tidlegare. Dette gjev nye moglegheiter og større kraft i arbeidet med utdanning, forskning, og formidling på det rettsvitenskaplege området.

Forskningsaktivitet

Det juridiske fakultetet har i 2003 starta ei satsing på konkurranserett, og er tildelt midlar frå Noregs forskingsråd til eit forskingsprosjekt. Prosjektet omfattar også samarbeid med Institutt for økonomi ved Det samfunnsvitenskaplege fakultetet.

Forskningsrådsprosjektet har ei ramme på seks millionar kroner (to millionar årleg i tre år 2004-2006) og tek sikte på å realisere ein langsiktig strategi for utvikling av kompetanse i konkurranserett og rettsøkonomi. Tildelinga kan sjåast i samheng med at regjeringa, som eit ledd i utflytting av åtte statlege tilsyn frå Oslo, har gjort framlegg om at Konkurransetilsynet blir flytta til Bergen.

Ei satsing på konkurranserett vil skje ved at Det juridiske fakultetet bygger vidare på den forskingskompetansen som i dag finst ved fakultetet på ei rekkje enkeltområde innanfor konkurranseretten. Satsinga vil gje viktige stimulansar til forskning og kompetanseoppbygging innanfor desse og andre område. For Det juridiske fakultetet er konkurranserett likeeins ei strategisk satsing med sikte på vidare utvikling av fakultetet på fleire fagfelt. Konkurranserett som fag spenner over fleire fagområde, og prosjektet vil også gå inn i fakultetet sin internasjonaliseringsstrategi ved at det inneberer sterk satsing på EØS- og EU-rett og rettsreglar utvikla av WTO. Gjennom denne satsinga vil vi utvikle eit tett fagleg samarbeid mellom økonomar og juristar innanfor begge fagområda som konkurransepolitikken byggjer på, nemleg konkurranserett og konkurranseøkonomi. Målet er å styrke den faglige kompetansen innanfor begge fagområda gjennom tverrfagleg samarbeid og utdanning av nye forskarar. Fakultetet er no i gang med tilsetning av ein forskar i postdoktorstilling på prosjektet, og vil i løpet av 2004 også tilsette ein universitetsstipendiat og ein studentstipendiat.

Ny studieplan

Det juridiske fakultet har, med verknad frå haustsemesteret 2003, etablert sitt nye integrerte mastergradsstudium i rettsvitenskap. Omlegginga er ei oppfølging av Kvalitetsreforma og ei vidareutvikling av rettsstudiet. Dette har vore ei særskild krevjande oppgåve for fakultetet, fordi det nye studiet er lagt opp med store endringar i høve til tidlegare studieordningar. Fakultetet må ved utfasing av gammal studieordning også ta omsyn til dei studentane som allereie er tekne opp til studiet.

Mastergradsstudiet har som overordna mål at studentane skal lære å analysere, drøfte, og ta standpunkt til rettsspørsmål på grunnlag av godkjent juridisk metode. Studentane skal tileigne seg kunnskap i sentrale delar av faget og lære å skaffe seg ny juridisk kunnskap. Gjennom studiet skal studentane utvikle evna til samhandling med andre, til rettspolitisk tenking og til formidling av fagleg innsikt.


Dei tre første studieåra skal studenten følgje undervisinga i samsvar med den generelle utdanningsplanen for det kullet studenten er teken opp på. Desse tre første åra er studentane delt i arbeidsgrupper, som dei to første åra har vidarekomne studentar som gruppeleiarar. Det tredje studieåret skal arbeidsgruppene være sjølvstyrte. Gruppene arbeider kvar veke med ei oppgåve som dei skal svare på enten kollektivt eller individuelt. Kursbeskrivingar, oppgåver med meir er lagt ut på Studentportalen, medan IKT-verktøyet Classfrontier blir brukt til skriving og kommentering av oppgåver. Tre arbeidsgrupper utgjer ei storgruppe som møtest annakvar veke under leiing av ein fagleg tilsett ved

fakultetet.

Arbeidet med mastergradsoppgåva skal gjennomførast i løpet av dei to siste studieåra, og skal gje studenten trening i omarbeiding og framstilling av større juridiske problemstillingar på eiga hand, basert på sjølvstendig analyse av tema og kjeldemateriale. Oppgåva skal dokumentere at studenten kan ha oversyn over breiare og meir komplekse rettslege spørsmål, og utgjør, saman med valemne, studenten si faglege fordjuping.



Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet



Professor Dag Tjøstheim ved Matematisk institutt er sammen med to medforfattere tildelt prisen "Tjalling C. Koopmans Econometric Theory Prize 2003". Prisen deles ut hvert tredje år.

Færre og bedre naturvitenskaplege institutt

Fusjonar og fristilling gjev meir slagkraftige einingar ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet.

Fakultetet har dei siste åra følgd opp den strategiske planen "Fra Detaljstyring til fristilling". Planen bygger på dei internasjonale fagevalueringane i regi av Noregs forskingsråd, samt strategiske dokument for Universitetet i Bergen. Som eit ledd i dette arbeidet er det innført ny struktur med tilsette instituttleiarar ved institutta for å heva kvaliteten på forskning og utdanning. Omstillinga inneberer også samanslåing av institutt til større og meir slagkraftige einingar. I 2003 vart det tilsett åtte nye instituttleiarar og ved samanslåing av to geo-institutt og fire bio-institutt vart talet på institutt ved fakultetet redusert frå elleve til åtte. Utfordringane innanfor naturvitenskaplege fag er mange, og det vil stadig verta meir krevjande å hevda seg både nasjonalt og internasjonalt. Fakultetet har difor vore ute etter tunge fagfolk ved tilsetting i dei nye instituttleiarstillingane og legg vekt på at instituttleiarane no disponerer over dei totale ressursrammene for institutta.

Forskning

Alle institutta ved fakultetet er involverte i eitt eller fleire av dei tre definerte faglege tema-/innsatsområda: Marin forskning (inkl. klimaforskning), olje- og gassrelatert forskning samt informatikk og matematisk modellering. Dette har vore ein medverkande årsak til at fakultetet frå 2003 har fått oppretta to senter for framifrå forskning (Bjerknessenteret for klimaforskning og Senter for Petroleumsforskning). I tillegg har fakultetet fått tildelt ei av dei nasjonale teknologiplattformene for FUGE-prosjektet (funksjonell genomforskning), innan bioinformatikk. I 2003 har også Sarssenteret oppnådd status som partner i The European Molecular Biology Laboratory (EMBL), og Selmer-senteret innanfor kodeteori og kryptologi er oppretta for å ta vare på eit eksellent forskingsmiljø. Fakultetet har vidare ni Marie Curie Doctoral Training Sites, hovudsakleg innanfor innsatsområda.

Undervisning

Heile fakultetet sitt utdanningstilbod er omorganisert i samband med kvalitetsreforma, og studentane har dermed fått endra undervisings- og vurderingsformer. Studentrekrutteringa til fakultetet er god, og hovuddelen av nye studentar denne hausten hadde søkt seg inn på eitt av fakultetet sine 17 bachelorprogram eller tre integrerte masterprogram. Fleire av desse programma går på tvers av fleire fakultet enn Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet. Søkinga til masterutdanninga ved fakultetet er også god, og det vert stadig fleire utanlandske søkjarar utanom kvoteordninga. For å betre servicen overfor studentane opna fakultetet ein Studentekspedisjon i Realfagbygget ved starten av haustsemesteret. Fakultetet tek imot mange utanlandske utvekslingsstudentar, og talet på utreisande er aukande.

Nytt forskingsfarty

7. mai 2003 vart Noregs nye forskingsfartøy, G.O. Sars, døypt av H.M. Dronning Sonja. Fartyet vert drive av Havforskningsinstituttet, men vil bli nytta i fellesskap av havforskarar, klimaforskarar og geologar frå Havforskningsinstituttet og Universitetet i Bergen. G.O. Sars representerer det mest moderne innan havgåande forskingsfarty då det kan handtera alt frå seismiske målingar til tråling og vanleg prøvetaking. Fartyet erstattar dei to gamle havgåande skipa G.O. Sars og Mikael Sars. Dette inneberer ein effektivisering, mellom anna ved at talet på tokt døgn er redusert. G.O. Sars vil vera særskild viktig for gjennomføring av store tverrfaglege integrerte prosjekt innan fiskeri, geovitskap og klima. Frå juni til august 2004, vil fartyet verta nytta i høve ei større internasjonal undersøking av livet langs den Midtatlantiske rygg, nemleg MAR-ECO-prosjektet.



Det medisinske fakultet

Ny giv for medisinsk forskning med BB-bygget

Det medisinske fakultet kunne mellom anna ta i bruk eit nytt og moderne forskingsbygg hausten 2003.

Bygg for Biologiske Basalfag

I september vart Bygg for Biologiske Basalfag (BBB) opna i nærver av m.a. Kong Harald V og Statssekretær Haugestad i UFD. Bygget husar m.a. Institutt for biomedisin, og er eit av dei mest moderne forskingsbygg i sitt slag i Europa.

Opning av Pleiestiftelsen

Pleiestiftelsen i Kalfarv. 31 vart teken i bruk etter opning i juni i nærver av m.a. statsråd Dagfinn Høybråten og Generaldirektør i World Health Organisation (WHO), Gro Harlem Brundtland. Bygget husar Institutt for samfunnsmedisinske fag og m.a. Folkehelseinstituttet (FI) sitt Medisinske fødselsregister og andre helseregister.

Evaluering av forskning og undervising

Fleire store evalueringar både av undervising og forskning har vore gjennomførte i 2003 (jamvel om resultatane ikkje låg føre før i januar 2004). Evalueringane har, ikkje uventa, gjeve gode og konstruktive tilbakemeldingar på verksemda ved fakultetet. Norges Forskningsråd har gjennomført Fagevaluering av klinisk, epidemiologisk, samfunnsmedisinsk og psykologisk forskning. Noko som m.a. resulterte i at to av forskingsfelte ved fakultetet oppnådde vurderinga "excellent".

Dessutan er det årlege 150-opptaket i medisinstudiet evaluert med omsyn på kvalitet og struktur, og evalueringa munnar ut i ikkje mindre enn 15 framlegg til kvalitetsmessige og strukturelle forbetringar.

Forskarlina

Forskarlina i medisinstudiet har synt seg å svare til forventningane i utgangspunktet, og gjev om lag 10% av studentkullet ei grunnleggjande og kvalitetsmessig god innføring i forskingsmetodikk o.l. Rekrutteringssituasjonen for medisinsk og helsefagleg forskning er blitt betre enn tidlegare år.

Organisering av Loci

Sentrale forskingsområde ved fakultetet er organisert i interfaglege forskingsgrupper, kalla Locus. Tre av forskingsgruppene er evaluerte i 2003 etter fem års funksjonstid: Locus for eksperimentell kreftforskning, Locus for homocystein og relaterte vitamin, og Locus for registerepidemiologi. Evalueringa var så positiv at fakultetet konkluderte med at det bør opprettast to Loci til, men ein manglar førebels ressursar til dette.

Samarbeid med helseføretaka

Samarbeidet med dei nye regionale helseføretaka; Helse Vest og Helse Bergen, har utvikla seg positivt, og det er konstruktivt samarbeid om både medisinsk og helsefagleg forskning, spesielt med Helse Bergen og Helse Stavanger. Fakultetet har også utdanningssamarbeid med både Helse Fonna (Haugesund) og Helse Førde.



Det odontologiske fakultet

Gode føresetnader for odontologiforskning

Etablering av Senter for klinisk odontologisk forskning inspirerer til auka forskingsaktivitet medan ein ventar på nytt odontologibbygg.

Det odontologiske fakultet har svært høg aktivitet på alle frontar, og med mange nye tiltak. Gjennomstrøyminga i tannlegestudiet er svært høg, og talet på studentar i kvart årskull er heilt på grensa av kva det gamle, nedslitne og altfor tronge bygget kan tåle. Nytt odontologibbygg er no under prosjektering på nabotomta, der det gamle og fråflytta PKI-bygget no står. Dette gjev dei tilsette og studentane ved fakultetet såpass optimisme at ein greier å oppretthalde både høg kompetanse og aktivitet i ventetida.

Forskning

Det odontologiske fakultet har satsa sterkt innan forskning, med etablering av Senter for klinisk odontologisk forskning, og med omorganisering av forskingsmiljø ved fakultetet inn i større tverrfaglege tematiske forskingsområde. Senter for klinisk odontologisk forskning er fakultetet sitt viktigaste verktøy i forskingssatsinga der senteret skal inspirere til auka, og meir samordna, klinisk forskning. Universitetet i Bergen og Noregs Forskingsråd har medverka sterkt til å realisere dette senteret reint økonomisk, og har såleis gjeve klinisk forskning gode moglegheiter dei neste åra. Det er stor etterspurnad etter klinisk forskning. Eitt av fakultetet sine forskingsmessige gjennombrot i 2003 er ein modell for dyrking av kunstige slimhinner, som forskargruppa oral cancer ved oral patologi har jobba fram. Denne modellen er ein uvurderleg reiskap for å studere kva som skjer når slimhinnene blir eksponerte for ulike miljøfaktorar, som t.d. snus og tobakk. Forskningsdagene 2003 vart også særskilt vellukka for fakultetet, som vann publikumsprisen for beste stand på arrangementet i Bergen sentrum.

Utdanning

Kvalitetsreforma innan høgere utdanning har hatt innverknad på aktiviteten ved fakultetet. I haustsemesteret tok ein for første gong opp studentar til fakultetet sitt nyetablerte bachelorstudium i tannpleie, samstundes som det første kullet med tannlegestudentar starta på sin mastergrad i odontologi. Utvidinga av tannpleiarstudiet frå 2 til 3 år inneberer at fakultetet oppgraderar tannpleiarane sin kliniske kompetanse innanfor tannhelseteamet. Arbeidet med den nye studieplanen i tannpleie gjekk føre seg i vårsemesteret, samstundes som ein avslutta det første kull tannlegestudentar etter ny studieplan i odontologi.

Store studentkull og rekordlågt fråfall i studiet skapar høg aktivitet på undervisningsfeltet, spesielt i den kliniske undervisninga. Klinikane yter maksimalt for å halde undervisninga på et høgt nivå, og har gjennom heile året vore avhengige av alle tilgjengelege undervisningsressursar på både bemannings- og utstyrssida for å kunne gjennomføre all undervisning. Denne situasjonen har tydeleggjort dei behova fakultetet har for ei utviding og forbetring av undervisningsfasilitetane.

Odontologisk klinikk ved fakultetet er Noregs nest største tannklinikk og har over 30.000 konsultasjonar i løpet av eit år. Klinikken er eit viktig verktøy i den kliniske forskinga, der utreiing og behandling og forskning er tett samanvove. For å kunne gjennomføre utdanning og forskning er Odontologisk klinikk avhengig av god pasienttilgang og er dermed igjen avhengig av å ha gode relasjonar med publikum. Fakultetet vil i 2004 spesielt rette fokus på dei undervisnings- og forskingsmessige utfordringane klinikken har.

Fakultetet er i gang med etableringa av nye studieprogram i spesialistutdanninga av tannlegar, som blir finansiert eksternt av Sosial- og helsedirektoratet. I 2004 vil det bli etablert eigen Spesialistklinikk, eit første skritt i retning av å bygge opp eit kompetansesenter for Helseregion Vest i samarbeid med Den offentlege tannhelsetenesta i vestlandsfylka.

Internasjonalt samarbeid og utveksling

Samarbeidet mellom Det odontologiske fakultetet og internasjonale utdannings- og helseinstitusjonar

blir realisert gjennom utdanningsprogrammet Master of Philosophy (dentistry), og fakultetet si deltaking i Senter for internasjonal helse ved Universitetet i Bergen er den viktigaste reiskapen i dette. Programmet fokuserer på utviklingsrelatert forskning der tannlegar frå Asia, Afrika og Romania kjem til fakultetet for å gjennomføre eit forskingsprosjekt, først og fremst med datamateriale frå heimlandet, og jobbar med forskarar innan ulike retningar i odontologisk forskning. Samarbeidet med Universitetet Carola Davila i Romania har auka talet på tannlegar som får ei forskarutdanning ved fakultetet i Bergen, samstundes som det har bygt opp den kliniske og forskingsmessige kompetansen innan odontologi i Romania.

Allereie i grunnutdanninga blir det etablert relasjonar til utanlandske universitetsmiljø, og gjennom ulike avtaler for studentutveksling blir fakultetet sitt internasjonale engasjement stimulert. Universitetet i San Jose, Costa Rica, er ein av samarbeidspartnarane, og kvart år utvekslar ein tannlegestudentar mellom Costa Rica og Bergen der studentane tek delar av tannlegeutdanninga si utanlands.

Fakultetet har i 2003 inngått ei ny samarbeidsavtale om eit universitetsnettverk mellom 7 universitet frå Thailand, Japan, Australia, Tyskland, Kina og Noreg, som alle tilbyr tannlegeutdanning. Gjennom universitetsnettverket skal ein utveksle studentar og vitenskapleg personale, samt arrangere ein internasjonal nettverkskonferanse kvart år ved kvart universitet.



Det psykologiske fakultet



Fakultetsledelsen, her dekanus Odd Haavik og fakultetsdirektør, Audun Rivedal, har ønsket å skape en samlingsplass som studentene skulle føle seg hjemme i.

Satsar på psykologiforskning i toppklasse

Det psykologiske fakultetet har satsa sterkt på å etablere gode forskargrupper. Samstundes blir det avlagt fleire studiepoeng enn nokon gong.

Forskning

Fakultetet har arbeidd med fleire store forskings saker. I tillegg til tilpassing til PhD-graden og tilrettelegging for forskarskular, har fakultetet halde fram arbeidet med etablering av forskingsgrupper gjennom søknader og internasjonal evaluering av desse. Parallelt har fakultetet arbeidd med å legge til rette for NFR si evaluering av medisinsk, helsefagleg og psykologisk forskning, der Det psykologiske fakultetet kom ut heilt i toppen mellom dei psykologiske fagmiljøa i Noreg, med rangering frå "good" (good international quality) til "excellent". I denne evalueringa finn vi eit grunnlag for ei ny SFF-lik forskingsgruppe innanfor området "Stress, søvn og helse".

Av større enkeltsaker kan desse nemnast: Fakultetet har oppnådd å få etablert ei SFF-lik forskargruppe knytt til fMRI-forskning, og har som einaste fakultet gått inn med monalege midlar for å realisere innkjøp av ny fMRI-maskin ved Haukeland universitetssykehus. Fakultetet får dermed styrka sine forskingsmoglegheiter/fasilitetar sterkt innan studie av sentralnervøs aktivitet i relasjon til åtferd og kognisjon, med fokus på ulike psykiske lidingar. Fakultetet har fått fram ein søknad til "Yngre fremragende forskere", NFR; har etablert seg innan følgjeforskinga til FUGE-programmet og har fått etablert det nasjonale rekrutteringsprogrammet "Dobbelkompetanseprosjektet" i psykologi, der målsettinga er å utdanne kandidatar både til doktorgrad og klinisk spesialist innan ei samla ramme på 7 år. Programmet har ei samla årleg budsjetttramme på NOK 7-10 mill.

Internasjonalisering

Fakultetet har frå tidlegare hatt stor aktivitet knytt til enkeltforskarar og samarbeid med land i det sørlig Afrika, og er vel det fakultetet relativt sett som har hatt størst utteljing i NUFU-programmet med samla løyvingar på NOK 16 mill. over ein treårsperiode. Under denne paraplyen er det under utvikling sandwichprogram på master- og doktorgradsnivå både i Tanzania (Dar es Salaam) og i Sør-Afrika (Western Cape). For å framstå meir samla og slagkraftig innan dette feltet har fakultetet hatt ein prosess for å samle den internasjonalt orienterte forskinga mot utviklingsland som ei samordna tematisk forskingsgruppe der både pedagogar, fagdidaktikarar og psykologar inngår. Ved fakultetet har tre forskarar/forskargrupper oppnådd lovord for søknader til Marie Curie-programmet, der søknadene har god nok kvalitet, men EU manglar pengar til å finansiere dei.

På utdannings sida arbeider fakultetet med eit tettare og meir formalisert samarbeid med sørafrikanske universitet for utveksling av studentar og lærarar, i første omgang på profesjonsstudiet. Dette er ein del av ein nasjonal utvekslingsplan der dei ulike lærestadene bind seg opp mot bestemte universitet og inngår i kvarandre sine nettverk. For fakultetet er det særleg University of Natal/Westville som er interessant både når det gjeld psykologutdanninga og innanfor helsefremmande arbeid, medan

University of Western Cape primært gjeld psykologutdanninga.

Utdanning

Fakultetet står for ¼ av nye studentar til lågare grads nivå ved Universitetet i Bergen og fakultetet har hatt ein jamn vekst i produserte studiepoeng. Fakultetet har de siste to-tre åra arbeidd målretta for å realisere meir heilskaplege utdanningstilbod for desse studentane i tråd med intensjonane i kvalitetsreforma, og ikkje minst for å gje eit betre og meir strukturert tilbod til den gruppa som ikkje makter å konkurrere seg inn på psykologstudiet, samt få desse til å bli ved universitetet. Det er planlagt at første året skal inngå som grunnlag for fleire studieprogram. Førstesemesterstudiet er felles med vekt på gruppeundervising og tettare oppfølging av kvar enkelt student.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet oppretta fakultetet med verknad frå haustsemesteret 2003 ein Bachelorgrad i arbeids- og organisasjonspsykologi. Dette tilbodet viste seg å være eitt av dei mest populære programma ved universitetet, med innpå 300 søkjarar til 40 studieplassar. Ein arbeider i tillegg med å få på plass tre nye program innanfor pedagogikk, generell psykologi og helsefremmande arbeid som skal danne rekrutteringsgrunnlag for allereie etablerte program på masternivå innanfor same fagområda.



Det samfunnsvitenskapelige fakultet



Det er SV-fakultetet som har størst oppsving i antall søkere. Her er søknadsmengden nesten fordoblet.

Store arealomstillinger

Interne omstillinger har ført til den mest omfattende flytteprosessen i fakultetet si historie.

Internasjonalt samarbeid – studentutveksling

Som ein del av arbeidet med kvalitetsreforma har vårt fakultet arbeidd intensivt med tilrettelegging av delstudie i utlandet. Eit nært fagleg samarbeid med dei aktuelle lærestadene er etter vår vurdering ein viktig føresetnad for å kunne kvalitetssikre studietilbodet for studentane. Representantar for fakultetet og dei ulike fagmiljøa har difor gjennomført ei rekkje delegasjonsreiser i 2003 med sikte på å opprette gode samarbeidsrelasjonar til universitet i utlandet. Nokre institutt har utmerkt seg spesielt på dette feltet. Ved vårt fakultet er det særleg Institutt for samanliknande politikk som må nemnast i denne samanhengen. I løpet av våren 2004 vil alle fagmiljøa ha faste samarbeidspartnerar ved utanlandske universitet.

Som resultat av kvalitetsreforma har omfanget av engelskspråklege studietilbod auka. Fleire emne er tilgjengelege både for internasjonale og norske studentar. Fakultetet har elles hatt ein merkbar auke i talet på innpassingssaker frå studentar som ønskjer å få godkjent utdanning fra utlandet som ein del av ei norsk grad.

Omstillingsarbeidet

Å ret 2003 har vore sterkt prega av fakultetet sitt omstillingsarbeid. Etter eit vårsemester med utreining og grundige drøftingar, gjorde fakultetsstyret i juni vedtak om å setje i verk ein omstillingsprosess med sikte på betre samordning av dei administrative ressursane. Med unnatak av kontorsjefsfunksjonen, var det semje om at dei fleste administrative funksjonar kan takast i vare på tvers av instituttgrenser og institutt- og fakultetsnivået. Nokre institutt kom tidleg i gang med samordningsprosjekt, og andre er komne til etter kvart. Målsettinga er at dette arbeidet skal kunne gje 10% innsparing i dei administrative ressursane – midlar som i staden skal kunne brukast til faglege føremål.

Flytting av Institutt for geografi til fakultetet sitt areal på Nygårdshøyden, aktualiserte trongen for å finne samordningsgevinstar. I samband med flyttinga som er i vente, vedtok fakultetsstyret dessutan andre interne rokeringar på arealsida, for å legge tilhøva til rette for fagleg og administrativt samarbeid på tvers av institutta. Resultatet vart at Sosiologisk institutt flytta til Rosenberggaten 39, der det i resten av kvartalet er to andre statsvitenskaplege institutt. Dette var naudsynleg for å kunne plassere Institutt for geografi i Lauritz Meltzers Hus i nærleiken av andre fagmiljø innan utviklingsforskning.

Omstillings- og flytteprosessane resulterte i vedtak om samanslåing av institutta for informasjonsvitenskap og medievitenskap. Dette vedtaket var fagleg grunngeve, og føresette samlokalisering. For å oppnå ei fysisk samanslåing av dei to fagmiljøa, vart det bestemt at Institutt for økonomi skulle flytte til nye lokale

i Hermann Foss gate. Også denne flytteprosessen var grunna i samordningsgevinstar på arealsida ved at eksternt finansiert verksemd innan helseøkonomi kunne bli plassert same stad.

Resultatet av omstillingsarbeidet vart den mest omfattande interne flytteprosessen i fakultetet si historie.

Vedtak om instituttsammenslåing

Fakultetsstyret gjorde hausten 2003 vedtak om å slå saman institutta for informasjonsvitskap og medievitskap til Institutt for informasjons- og medievitskap.

Utgangspunktet er at desse fagmiljøa ligg nær kvarandre, og at det i skjæringspunktet mellom dei to disiplinane ligg sjansar for å utvikle eit unikt fagmiljø i nasjonal samanheng. Både i form av storleik og original tverrfaglegheit vil instituttet ha sterk slagkraft nasjonalt, og vil kunne vere ein synleg aktør internasjonalt. I lys av kvalitetsreforma er det grunn til å tru at det nye instituttet vil kunne utvikle studietilbod både på bachelor- og mastergradsnivå, med moglegheit til å rekruttere mange fleire studentar.



Bergen Museum



Kvalsalen vart opplyst 9. april, slik at han no er synleg langt ned i byen etter at det er blitt mørkt. (Foto: Magnus Vabø)

Bergen Museum går nye vegar

Bergen Museum har ein allsidig aktivitet. I tillegg til forskning og undervising og rettleiing av studentar, har museet store vitskaplege samlingar med årleg tilvekst. Materialet blir konservert på mange ulike måtar. Museet driv ei variert publikumsretta verksemd gjennom heile året.

Publikumsretta verksemd

Den publikumsretta verksemda ved Bergen Museum har organisatorisk sett vore i ein viktig omstillingsfase i 2003. Målet har vore å opna opp for meir aktivitet i museet, både med omsyn til å produsera nye utstillingar, og å få ein meir aktiv dialog med publikum. Eit viktig arbeid har vore å planleggja nye utstillingar og dermed også ta vekk gamle. 2003 vart difor eit farvel med "gamle travarar" som Afrika-utstillinga og dei kjende kvalavstøypingane i Lille Kvalsal.

Permanente utstillingar

Av nye permanente utstillingar vart Knokkel og bein opna før sommaren. Utstillinga er ei rikt utstyrt samling av ulike bein frå alle grupper virveldyr. Kvalsalen fikk ei ansiktslyfting vinteren 2003, då han vart lyssett slik at utstillinga på mørke kveldar er synleg langt ned i byen.

Mellombelse utstillingar

På Dei kulturhistoriske samlingane vart det i løpet av sommaren vist ei utstilling om teaterkostyme knytt til teaterstykket Amadeus. Utstillinga var eit samarbeid med Den Nationale Scene som hadde oppsetjinga av stykket under Festspillene i 2001. Liv i magasinet, er ei utstilling ved Dei naturhistoriske samlingane, som opna hausten 2003. Naturarv og bevaring og konservering av dyr er det gjennomgåande temaet i denne utstillinga.

Publikumsarrangement

11. februar var det premiere på ein femti år gamal film, " Havretunet", på Cinemateket, USF i Bergen. Det er ein film som skildrar dei gamle arbeidsmåtane på brattlendte vestlandsgardar i det eineståande klyngetunet Havrátunet på Osterøy. Universitetet i Bergen ved Bergen Museum og Seksjon for kulturvitskap stod føre visinga, som samla meir enn hundre personar på eit vellukka arrangement. 12. februar var det eit seminar om filmen, og om Havrátunet som dokumentasjonsprosjekt.

Over 500 fann vegen til Dei naturhistoriske samlingane søndag 9. november då den årlege Steindagen vert arrangert i samarbeid med amatørgeologane i Bergen og omegn geologiforening. Steintombola og Barnas Steinverksted var blant dei populære programpostane.

Publikumsbesøk

Publikumsbesøket i 2003 var 45.500. Samanlikna med 2002 var der ein auke på 14 prosent ved Dei kulturhistoriske samlingane, medan talet for Dei naturhistoriske samlingane har halde seg nokolunde

stabilt dei to siste åra.

Publikasjonar

Museet gav ut publikasjonane "Årbok for Bergen Museum 2002", "Bergen Museum kalender 2004" og "Gjengroing av kulturmark", den sistnemnde i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Samlingane

Tilveksten til samlingane har vore stabil og på et normalt nivå i 2003. Av større tilvekstar kan nemnast ei større samling marine evertebratar frå Institutt for fiskeri- og marinbiologi, og 240 tekstilar til Kyrkjekunstsamlinga frå Vestlandske Kunstindustrimuseum.

Forsking

Botanikarane har teke til med eit samarbeidsprosjekt med Senter for arboret- og hagedrift når det gjeld dokumentasjon av hagebruk og planteval i hagar på norske fyr. Innan zoologi har fleire av forskarane vore engasjerte i Mar-Eco, eit stort internasjonalt prosjekt om djuphavsøkologi og livet på de store havdjupa i Nord-Atlanteren. Bergen Museum vil vera deponi for materialet som blir henta opp frå hovudtoktet i 2004, og det vil setja store krav til Bergen Museum i åra som kjem. Innan geologi er det starta eit tverrfagleg prosjekt saman med arkeologi som går ut på å lokalisera og datera klebersteinsbrot og finna kyrkjebygningane der steinen er brukt.

På Dei kulturhistoriske samlingane blir det forska innan fleire fag på religiøse førestellingar og praksis. Dette blir gjort t.d. gjennom tolking av bergkunst og arkeologisk tilfang, samane sine ritual eller som forskning i fromleiks-praksis i europeisk, historisk perspektiv.

I arkeologisk forskning konsentrerer dei seg elles om mellomalderfunn i byane på Vestlandet, ikkje minst Borgundkaupangen. Eit anna arkeologisk forskingsområde er kulturminneforskning og kulturminnevern, dessutan førhistoriske og historiske kulturminne knytt til vestnorsk landbruksdrift generelt og reinsdyrfangst på Hardangervidda i mellomalderen spesielt.

Antropologane forskar på tilhøvet mellom menneske og teknologi, dessutan på krigstrugsmål og fredsarbeid mellom tamdyr-nomadar i Aust-Afrika. I samarbeid med arkeologar studerer dei òg bygdelivet gjennom 4000 år i området rundt den øvre kvite Nilen.

Tilstanden til bygningane

Bergen Museum har utstillingar og samlingsmagasin i store, gamle bygningar. Desse krev eit omfattande indre og ytre vedlikehald. I 2003 kom rapporten "Bevaringen og sikringen av samlingene ved fem statlige museer" frå Riksrevisjonen. I rapporten blir det peika på ei rekkje kritikkverdige tilhøve knytte til tilstanden til bygningane ved museet, og forholda for delar av samlingane. Rapporten frå Riksrevisjonen har allereie utløyst ei mindre løyving frå Utdannings- og forskingsdepartementet, og museet vonar at dette er starten på eit større rehabiliteringsarbeid for Museplass 3 og Haakon Shteligs plass 10.

